



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavdeling
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/340 - 14/3268

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

06.03.2014

Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i 50-meters beltet mot sjø for oppføring av garasje på Vikebø, gnr 45 bnr 126.

Det vert vist til søknad motteke 27.01.2014 frå Roger Haugland og Ragnhild Oterholm om dispensasjon for frå forbod mot tiltak i 50-meters beltet mot sjø for oppføring av garasje på Vikebø, gnr 45 bnr 126.

Plangrunnlag

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til bustadområde med krav om regulering.

Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv motteke 27.01.2014 søkt om dispensasjon frå frå forbod mot tiltak i 50-metersbeltet mot sjø, sjå vedlegg.

Søknaden gjeld dispensasjon for oppføring av garasje.

Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 21.11.2013.

Kommuneplanen og lovgrunnlag.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i høve til kommuneplanen eller eksisterande bruk av strandsona.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune
– Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon i 100m belte

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavdeling	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune - Regional utvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN